

Statens vegvesen  
Postboks 8142 Dep  
0033 Oslo

REF.

VÅR REF.  
200900180-1 MH

DATO  
22. juni 2009


## Fleirspråkleg skilting

Språkrådet hadde styremøte i Alta 11. juni i år og arrangerte dagen før ein rundebordskonferanse om språkpolitikk med inviterte deltakarar innanfor norsk, samisk og kvensk språk, politikk, næringsliv, presse og høgare utdanning. På konferansen kom det fram kritikk av at Statens vegvesen har sett opp så få vegskilt med samiske og kvenske stadnamn i Finnmark. Det vart poengtert at dersom ikkje samiske og kvenske stadnamn kjem med på vegskilta, er namna i praksis usynlege. Det står klart i stadnamnlova at offentlege organ skal ta i bruk samiske og kvenske namn.

Styret i Språkrådet ber Vegvesenet gjere greie for den praksisen de har for skilting i fleirspråklege område, og for korleis gjeldande lovverk blir følgt.

Med helsing

Ida Berntsen (sign.)  
styreleiar

  
Sylfest Lomheim  
direktør

Kopi: Samferdselsdepartementet  
Kultur- og kyrkjedepartementet



POSTADRESSE  
Postboks 8107 Dep  
NO-0032 OSLO

KONTORADRESSE  
Observatoriegata 1 B  
NO-0254 OSLO

TELEFON  
+47 22 54 19 50  
TELEFAKS  
+47 22 54 19 51

E-POST  
post@sprakradet.no

INTERNETT  
www.sprakradet.no  
www.sprakradet.no